

Retningslinjer for rådet ved Institutt for framandspråk

Framlegg til instituttrådet 13. november 2013

1. Storleik, samansetjing og val

Instituttrådet ved Institutt for framandspråk har 15 medlemmer inkludert instituttleiar og er samansett slik:

- Gruppe A, fast tilsette i undervisnings- og forskarstilling, har ni representantar: instituttleiar og ein representant for kvart av faga arabisk, engelsk, fransk, italiensk, japansk og kinesisk (felles representant), russisk, spansk, tysk.
- Gruppe B, mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstilling, har ein representant.
- Gruppe C, administrativt tilsette, har ein representant.
- Gruppe D, studentar, har fire representantar.

Funksjonstida er fire år for representantane frå gruppe A og gruppe C, eitt år for representantane frå gruppe B og gruppe D.

Valstyret ved Institutt for framandspråk organiserer vala og ser til at dei går rett for seg. Sjå elles regelverket for gjennomføring av val ved Universitetet i Bergen.

2. Kompetanse

Instituttrådet er det øvste representative organet ved Institutt for framandspråk. Instituttrådet skal behandle, gjere vedtak på vegner av instituttet og gje innstilling til fakultetet eller anna overordna organ i saker som gjeld:

- forskingsmelding, forskarutdanningsmelding, utdanningsmelding og andre strategi- og resultatdokument som vert utarbeidde av instituttet
- eventuelle omstillings- og omorganiseringsplanar
- budsjettframlegg, årsbudsjett, årsrekneskap
- instituttrådet ved Institutt for framandspråk har valt å delegere ansvaret for undervisningsadministrasjon til Utvalet for undervisning og internasjonalisering (UUI). Instituttrådet behandlar likevel vesentlege endringar i instituttet sitt studietilbod, t. d. oppretting eller nedlegging av studieprogram.

I andre saker er instituttrådet eit rådgjevande informasjons- og kontaktorgan mellom instituttleiaren, alle tilsette og studentane.

I tillegg til den type saker som instituttrådet skal behandle, kan instituttrådet be om å få framlagt og uttale seg om kva sak som helst så lenge ho ikkje er unnateke behandling i samsvar med lov, føreskrift, reglement eller sentrale vedtak ved universitetet.

3. Saksbehandling og møtepraksis

Møta i instituttrådet er opne. Instituttleder ved Institutt for framandspråk er leiar av rådet og legg fram sakene. Innkalling skal sendast ut minst tre dagar før møtet. Sakspapir kan ettersendast eller leggjast fram i møtet om nødvendig. Administrasjonssjefen er sekretær for instituttrådet. Rutinane for saksbehandling, møteleiing, referat m.m. følgjer dei normalreglane som universitetsstyret har fastsett.

Retningslinene for rådet ved Institutt for framandspråk følgjer elles desse dokumenta:

- *Regler for instituttorganene ved UiB.* Vedtak i universitetsstyret 18.06.09:
<http://regler.app.uib.no/regler/Del-1-Overordnede-rammer/1.3-Regler-for-styringsorganene/1.3.5-Institutt/Regler-for-instituttorganene>
- *Utfyllende regler for institutter med tilsatt instituttleder.* Vedtak i styret ved Det humanistiske fakultet 08.09.2009 med endringar vedtatt av fakultetsstyret 11.06.2013:
http://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/instituttorgan_-_utfyllende_regler_for_hf_2013_2.pdf
- Det sentrale valreglementet ved UiB (sist endra av universitetsstyret 29.11.2012):
<http://regler.app.uib.no/regler/Del-1-Overordnede-rammer/1.3-Regler-for-styringsorganene/Valgreglement-for-Universitetet-i-Bergen>
- Delegasjonsvedtak i studiesaker gjort av rådet ved Institutt for framandspråk 21.10.2009 (sak 5): <http://www.uib.no/fremmedsprak/25322/institutr%c3%a5det>